



**Saksframlegg**

**Konsesjonskraftpris - Endring i regelverk - Høring**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		23.04.2026

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:**

Vedlegg  
1 Høringsuttale Fyresdal kommune

**Bakgrunn for saka:**

Energidepartementet sende 23. januar 2026 på høring forslag til endringar i reglane for konsesjonskraftpris. Høringsfristen er 24. april 2026. Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har utarbeidd ei mal for kommunale høringsuttaler og oppmodar medlemskommunane om å gje eigne innspel.

Høringa gjeld mellom anna samanslåing av prisregima for konsesjonskraft før og etter 10. april 1959, og endringar i kva kraftverk som skal inngå i berekningsgrunnlaget for gjennomsnittleg sjølvkost. Etter LVK si vurdering kan samanslåing av prisregima støttast, medan andre foreslåtte endringar kan føre til vesentleg auke i konsesjonskraftprisen og svekkje verdien av ordninga for vertskommunane.

Konsesjonskraftordninga er ei sentral vertskommunordning. Ho har økonomisk betydning for kommunen og er også ein del av grunnlaget for lokal aksept for vidare utvikling av vasskraftressursane.

Fyresdal kommune bør på denne bakgrunnen ta stilling til om kommunen skal sende eiga høringsuttale til Energidepartementet.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet*

Kommunedirektøren meiner det er viktig at Fyresdal kommune gir høringsuttale i denne saka. Dei foreslåtte endringane kan få verknader for verdien av konsesjonskraftordninga og for kommunen sine framtidige økonomiske rammer.

Kommunedirektøren meiner at kommunen i hovudsak bør slutte seg til dei vurderingane som går fram av LVK si mal. Dette inneber støtte til ei forenkling gjennom samanslåing av prisregima, samstundes som det blir halde fast ved at konsesjonskraftprisen framleis må byggje på eit reelt sjølvkostprinsipp.

Kommunedirektøren meiner vidare at kommunen bør gå imot endringar i berekningsgrunnlaget som kan føre til høgare konsesjonskraftpris utan tilsvarande auke i kommunen sitt konsesjonskraftvolum. Dersom prisen blir for høg samanlikna med marknadsprisen, vil ordninga kunne miste mykje av den praktiske og økonomiske funksjonen ho er meint å ha.

Det er ikkje lagt fram detaljerte lokale berekningar i dette utkastet. Kommunedirektøren meiner likevel at det er forsvarleg å gje ei prinsipiell høyringsuttale med utgangspunkt i LVK si tilråding.

### **Konklusjon:**

Kommunedirektøren meiner at Fyresdal kommune bør sende høyringsuttale til Energidepartementet innan høyringsfristen 24. april 2026. Uttalen bør byggje på LVK si mal og uttrykkje støtte til samanslåing av prisregima, men motstand mot dei delane av forslaget som kan føre til urimeleg høg konsesjonskraftpris og svekt verdi av ordninga for vertskommunane.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune sender høyringsuttale til Energidepartementet om høyringsnotat av 23. januar 2026 om konsesjonskraftpris.

- Fyresdal kommune støttar samanslåing av prisregima for konsesjonskraft før og etter 10. april 1959 i ei felles prisføresegn.
- Fyresdal kommune går imot endringar i berekningsgrunnlaget som kan føre til at konsesjonskraftprisen aukar utan tilsvarande auke i kommunen sitt konsesjonskraftvolum.
- Fyresdal kommune meiner at konsesjonskraftprisen framleis må byggje på eit reelt og etterprøvbart sjølvkostprinsipp.
- Fyresdal kommune meiner at endringar i modellen for berekning av ED-prisen må utgreiast nærare og sendast på eiga høyring før dei eventuelt blir sette i verk.
- Forslag til høyringsuttale, slik det ligg ved saka, blir lagt til grunn for oversending til Energidepartementet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk